



Gustav Bergstø har testamentert det som står på kontoen sin til aldersheimane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I testamentet til Gustav Bergstø, som vart skrive i 2002, står det at inneståande på kontoen i Kvinnherad Sparebank skal gå til aldersheimane i Kvinnherad. Det melder Kvinnheringen.

Leif Kongestøl, som er verksemdsleiar for Rosendalsona, seier det er storarta at aldersheimane får gåva. Han veit ikkje kor mykje pengar det er snakk om, men det vert neppe så store summar på kvar. Venteleg blir det opp til rådmannen å fordela pengane på kvar aldersheim. Kongestøl tenkjer seg at det som tilfell Rosendalsona skal brukast til trivsels- og aktivitetstiltak.

Kommunen fekk for snart ti år sidan ei stor testamentarisk g ve fr  Johannes T. Sandvik. Fem millionar st r p  fond og rentene vert nytta til trivselstiltak p  institusjonane.